



Vår dato:

09.04.2019

Vår ref:

2019/351

Dykkar dato:

Dykkar ref:

Til adressatar i følgje liste

Saksbehandlar, innvalstelefon

Tom Dybwad, 5764 3123

Bugen naturreservat - framlegg om oppretting i medhald av naturmangfaldlova etter prosedyren for frivillig skogvern

Fylkesmannen sender på høyring eit framlegg om oppretting av Bugen naturreservat i Bremanger kommune med heimel i naturmangfaldlova.

Frist for å kome med fråsegn til høyringsframlegget er 10.06.2019.

Vi viser til vårt brev av 12.03.2019 med melding om oppstart av ver neprosess etter naturmangfaldlova etter prosedyren for frivillig vern for Bugen naturreservat.

Bakgrunn

Sidan St.meld. 25 (2002-2003) har frivillig vern, saman med vern på statsgrunn, vore ein av hovudstrategiane for nytt vern av skog i Noreg. Frivillig vern inneber at det er grunneigarane, i samarbeid med skogeigarlaget, som tilbyr staten areal for mogleg vern. Dersom verneverdiane er så store at miljøvernstyresmakten finn det interessant, vert det så starta forhandlingar mellom staten og grunneigarane. Det vert då forhandla både om avgrensning, verneforskrift og pris, og det vert ikkje inngått avtale om vern med mindre partane vert samde.

Områdevern er likevel ikkje berre ei sak mellom grunneigarar og miljøstyresmakter. Som for tradisjonelle ver neprosesser er det difor viktig med ei offentleg høyring der også andre instansar og samfunnsinteresser kan kome med merknader. Naturmangfaldlova §§ 41 og 42 krev også at alle som vernet vedkjem vert informerte når vernearbeidet tek til, slik at dei i god tid før høyringa er best mogleg informerte om korleis det planlagde verneområdet vil kunne gripe inn i deira interesser. Dette er ikkje mindre viktig ved frivillig vern, der forhandlingane med grunneigarane allereie har kome langt når den formelle delen av prosessen startar opp.

Føremålet med dette brevet er å sende eit framlegg om å opprette Bugen naturreservat i medhald av naturmangfaldlova, etter prosedyren for frivillig vern.

Verneverdiar i området

E-postadresse:
fmlpost@fylkesmannen.no
Sikker melding:
www.fylkesmannen.no/melding

Postadresse:
Njøsavegen 2
6863 Leikanger

Besøksadresse:
Njøsavegen 2, Leikanger
Statens hus, Kaigaten 9, Bergen
Fjellvegen 11, Førde

Telefon: 57 64 30 00
www.fylkesmannen.no/vl
Org.nr. 974 760 665



Tilbodsområdet eit skogområde lengst vest i Noreg. Når denne oppstartmeldinga vert sendt ut har Fylkesmannen berre fått oppsummeringa av rapporten frå Biofokus si skogkartlegging som vart gjort i 2018. Heile området er funne verneverdig, men arronderinga er ikkje heilt god. Det vart funne sju raudlistartar. (Området er av Biofokus kalla *Botnen* i staden for *Bugen*.):

«Sammendrag

"Botnen" er tilbuddt gjennom ordningen med frivillig vern. BioFokus har foretatt en naturfaglig registrering og verdivurdering av området på oppdrag for Miljødirektoratet. Området ligger nord for Husefest, på sørsiden av Furehaugfjellet, helt sørvest i Bremanger kommune. Berggrunnen består utsLUkkende av sandstein. Området ligger innenfor boreonemoral (til alpin) sone og sterkt oseansk seksjon, vintermild underseksjon.

Hele undersøkelsesområdet er funnet verneverdig (378 dekar). Arronderingen er god mot nord og øst, men heller dårlig mot vest og sør.

Ett kjerneområde/ én naturtypelokalitet er avgrenset. Den er kartlagt som mosaikk av bl.a. oseanske berg og regnskog, og gitt A-verdi.

Vegetasjonen er ganske variert og omfatter både fattige og middels rike utforminger. Fattige typer dominerer i høyden (mot fjellet) og på relativt slak mark. Mye av arealet er ellers preget av husdyrbeite. Vanligvis veksler det mellom blåbærskog og svak lågurtskog (= småbregneskog). Ellers inngår kildesig-påvirket intermediær myrskogsmark og litt rik (noe tørkeutsatt) lågurtskog. Deler av kjerneområdet har affinitet til regnskog (dele type "rik boreonemoral regnskog" - VU), men typen er for svakt utviklet og arealet for lite til å bli utfigurert. Bjørk er samlet sett klart dominerende treslag. Furu dominerer tresjiktet nedenfor kraftgatetraséen. Einer opptrer frekvent. Ellers inngår en del hassel, osp, rogn, selje og eik, mens forekomsten av hegg, alm og kristtorn er sparsom.

Skogen er stort sett ganske gammel og moderat fleraldret og flersjiktet. Både furu- og bjørkeskogen har en dominerende aldersklasse på ca 100 år, og maksalderen (uansett treslag) ligger på ca 150 år. Furuskogen er relativt storvokst med mange trær på 40-50 cm dbh, og de største inntil 60 cm dbh. Dødvedelementer av furu opptrer praktisk talt ikke. Bjørka er generelt krokvokst, men likevel ganske storvokst med mange trær på 30(-40) cm dbh.

Utenom kjerneområdet er mangfoldet av krevende arter relativt lavt. Innenfor kj.omr. er det skjermete mosekledde bergvegger med relativt rikt mangfold av krevende oseanske kryptogamer. Totalt er det påvist 7 rødlisterarter innenfor tilbuddt areal (i hht. rødlista 2015).

Området har relativt store naturverdier knyttet til både oseanske berg/ regnskogsmiljø (små areal), storvokst furuskog og relativt gammel bjørkeblandingsskog med innslag av edelløvtrær. Arealet er imidlertid lite og arronderingen er ikke god (betydelig utvidelsespotensial). På denne bakgrunn vurderes "Botnen" som lokalt verneverdig (*).»

Feltarbeid

Området er undersøkt av Jon T. Klepsland (BioFokus) i oktober 2018. Tilbudsarealet anses godt nok undersøkt for å kunne presentere en nærmest optimal avgrensning av verneverdig areal innenfor de gitte arbeidsgrensene, og for å kunne foreta en rimelig sikker verdivurdering av området i henhold til gjeldene metodikk. Dette blant annet med støtte av høyoppløselige ortofoto og økonomisk kartverk. Det har imidlertid ikke vært kapasitet og tid nok i felt til å få undersøkt alle deler av tilbuddt areal, og enkelte kjerneområder/prioriterte naturtyper av lavere verdi (typisk C- eller svak B-verdi) er derfor muligens ikke fanget opp, eller ikke prioritert kartlagt.

Utviegelse

"Botnen" er tilbuddt gjennom ordningen med frivillig vern. BioFokus har foretatt en naturfaglig registrering og verdivurdering av området på oppdrag for Miljødirektoratet.

Tidligere undersøkelser

Det ser ikke ut til å ha vært foretatt naturfaglige undersøkelser i dette området tidligere. Søk i Artskart og Naturbase pr. feb. 2019 gav ingen relevante eller interessante treff. Det forelå heller ikke MiS-figurer innenfor undersøkelsesområdet (Nibio 2019).

Beliggenhet

Området ligger nord for Husefest, på sørsiden av Furehaugfjellet, helt sørvest i Bremanger kommune.

Topografi

Verneverdig areal har en overveiende vestvendt eksposisjon. Terrengets hellingssinkel varierer fra nesten flatt til svært bratt med vertikale bergvegger. Det inngår en del ut/rasmask både i nord og lengst sørøst.

Geologi

Berggrunnen består utsLUkkende av sandstein. Løsmassedekket er tynt til manglende og består dels av skredmateriale, dels tynn morene.



Vegetasjonssone

Omtrent halve arealet kan tilskrives boreonemoral sone, og overgangen til alpin sone i øvre del er temmelig brå. Lokaliteten ligger innenfor sterkt oseanisk seksjon og vintermild underseksjon.

Avgrensing og arrondering

Hele undersøkelsesområdet er funnet verneverdig (378 dekar).

Arronderingen er god mot nord og øst, men heller dårlig mot vest og sør. Ned mot sjøen i vest står det nemlig eldre furudominert skog som ikke fanges opp slik tilbuddet er utformet. Og det er løvblandingsskog av tilsvarende eller bedre naturkvalitet som innenfor tilbuddt areal i alle fall et stykke videre mot sør.

Vegetasjon

Vegetasjonen er ganske variert og omfatter både fattige og middels rike utformingar. Fattige typer dominerer i høyden (mot fjellet) og på relativt slak mark. Mye av arealet er ellers preget av husdyrbeite. Nederst er det furuskog som veksler mellom blåbærskog, svak lågurtskog (= småbregneskog) og (litt) kildesig-påvirket intermediær myrskogsmark. Mengdearter i feltsjiktet er blåbær, einstape, tepperot, bjørnekam, smørtelg, smyle, engkvein og sølvbunke. Ellers inngår noe blåknapp, gjøksyre, skogfiol, reverbjelle, lyssiv, finnskjegg m.fl. Einer danner ofte busksjikt. I høyden er det overveiende fattig bjørkeskog av blåbær-utforming med smyle, engkvein, blåtopp, storfrytle, tepperot, tyttebær, linnea m.fl. Også innslag av fattig myr med bl.a. slåttestarr, stjernestarr og ryllsiv. Nedover lia er det ofte svak lågurtskog med innslag av gjøksyre og skogfiol. Rikere (noe tørkeutsatt) lågurtskog er i hovedsak begrenset til en smal sone inntil bergveggene innenfor kjerneområdet. Kjerneområdet har f.ø. delvis affinitet til regnskog (deltype "rik boreonemoral regnskog") som er rødlistet som VU, men typen er for svakt utviklet og arealet for lite til å bli utfigurert.

Bjørk er samlet sett klart dominerende treslag. Furu dominerer tresjiktet nedenfor kraftgatetraséen og opptrer mer spredt ellers. Einer opptrer frekvent både innenfor furu- og bjørkeskogen. Ellers er det en del hassel, osp, rogn, selje og eik i området, mens forekomsten av hegg, alm og kristtorn er sparsom. Også forekomst av granplantefelt.

Skogstruktur og påvirkning

Skogen er stort sett ganske gammel og moderat fleraldret og flersjiktet. Både furu- og bjørkeskogen har en dominerende aldersklasse på ca 100 år, og maksalderen (uansett treslag) ligger på ca 150 år. Furuskogen er relativt storvokst med mange trær på 40-50 cm dbh, og de største inntil 60 cm dbh. Dødvedelementer av furu opptrer praktisk talt ikke annet enn langs den relativt nyryddete kraftgatetraséen. Bjørka er generelt krokvokst, men likevel ganske storvokst med mange trær på 30-(40) cm dbh. Det finnes et fåtall eiketrær som er +50 cm dbh (og inntil 150 år), samt noen relativt store seljetrær. Hasselkrattene er også til dels kraftige.

Andre inngrep

Området krysses i nedre del på langs av en bred og ganske nyryddet kraftgatetrasé. Det er også noen få driftsveier i furuskogen. Noen mindre granplantefelt forekommer.

Artsmangfold

Utenom kjerneområdet er mangfoldet av krevende arter relativt lavt. Noen svakt-moderat krevende arter forekommer likevel, både tilknyttet rikbarkstrær (hassel), gamle løvtrær og død ved av furu. Utenom kjerneområdet er det nesten ikke utviklet Lobarion-samfunn.

Totalt er det påvist 7 rødlistearter innenfor tilbuddt areal (i hht. rødlista 2015). Disse er alm (VU), kystprikklav (VU), kranshinnelav (VU), kystblåfiltlav (NT), praktfiltlav (NT), kjøttrakterlav (VU) og gul pærelav (NT). Andre nevneverdig funn er sølpærelav, kystnever, lungenever, skrubbenever, grynfiltlav, furuglanslav, Micarea alabastites, trådkjølmose og galleteppemose. Like utenfor tilbuddt areal (i sør) ble det ellers gjort funn av Micarea stipitata (CR) og tyrivoksskinn (VU).

Vurdering og verdisetting

Verneverdig areal scorer middels høyt på arts Mangfold, treslagsfordeling og variasjon, men lavt på alle andre verdiparametere.

Området har relativt store naturverdier knyttet til både oseaniske berg/ regnskogsmiljø (små areal), storvokst furuskog og relativt gammel bjørkeblandingsskog med innslag av edelløvtrær. Arealet er imidlertid lite og arronderingen er ikke god (betydelig utvidelsespotensial), og dette setter en klar begrensning på samlet verdivurdering. På denne bakgrunn vurderes "Botnen" som lokalt verneverdig (*).»

På bakgrunn av kartlegginga og vår kunnskap om området (skog med svært eksponert oseanisk påverknad) meiner Fylkesmannen det er eit godt grunnlag for å opprette naturreservat på området som det er inngått avtale om, i alt ca. 385 dekar.

Status i kommuneplanen

I gjeldande kommunedelplan for dette området i Bremanger er området LNF-område (landbruks-, natur- og friluftsområde).

Verneforskrift og grenser

Ved opprettig av eit naturreservat vert det utarbeidd særskilde verneforskrifter som fortel kva for restriksjonar som vert lagde på aktivitetar i området. Dersom det vert oppretta naturreservat i



Bogane, vert det forbod mot tekniske inngrep, hogst og motorferdsel. Beite, vanleg friluftsliv, fiske og vanlegvis også jakt, vil vere lov. For Bugen vil det vere naturleg å ta utgangspunkt i standard mal for skogområde som blir verna som naturreservat og så ta inn grunneigarane sine innspel så langt det let seg gjere. Framlegg til verneforskrift er lagt ved dette brevet.

Framlegg til grenser for naturreservatet følgjer grensene tilbodet frå grunneigarane. Eigedomstilhøva vert ikkje endra ved oppretting av naturreservat. Kartet som er lagt ved viser grensene slik tilbodet er per i dag, og kan fram til vedtak berre innskrenkast.

Framlegg til verneforskrift kan berre gjerast mindre streng.

Konsekvensar av vernet

For å vare på dei sårbare og store naturkvalitetane i området er det naudsynt med ei verneform som sikrar området mot inngrep. Det er difor ønskjeleg å verne om områda som naturreservat etter naturmangfaldlova § 37. Ei slik verneform vil i utgangspunktet forby aktivitetar og nye anlegg som kan skade verneverdiane i naturreservatet. Vernet vil føre til visse restriksjonar på bruk av området, både når det gjeld hogst og andre inngrep. Grunneigarane vil framleis ha rett til jakt og fiske og ålmenta generelt for sinking av sopp og bær. Turstiar som er i området skal også kunne haldast ved like. Då det er kraftlinjer som går gjennom områda, skal dei kunna driftast, vedlikehaldast og oppgraderast.

Erstatning

Etter § 50 i naturmangfaldlova har eigar eller rettshavar i område som vert verna som naturreservat rett til erstatning for økonomisk tap når vernet gjer noverande bruk vanskeleg. Ved frivillig vern følgjer ein derimot ikkje den ordinære framgangsmåten ved fastsetjing av erstatning som er omtalt i § 51. Frivillig vern er basert på at partane har vorte samde, også om erstatninga. Difor kan erstatningssummane utbetalast så snart området er verna, utan å vente på dei fristane som er omtalte i § 51.

Eigedomstilhøve

Eigarar av området som er tilbode, er gnr. 54 bnr. 1 og gnr. 54 bnr. 5 i Flora kommune.

Namn

Namn på verneområdet vil vere ein del av verneplanprosessen med høve til å kome med innspel og framlegg. Det mest aktuelle namnet er pr. i dag «Bugen naturreservat». Namnet «Botnen» har vore brukt av Biofokus under kartlegginga, men grunneigarane går inn for «Bugen». Språkrådet skriv at Bugen naturreservat er fullt dekkjande.

Brukarinteresser

Fylkesmannen er ikkje kjend med spesielle brukarinteresser i framlegg til naturreservat.

Innspel til oppstartmeldinga

Det kom følgjande innspel til oppstartmeldinga:
Riksantikvaren har ingen merknader.

Norges vassdrags- og energidirektorat – NVE skriv at SFE Nett ikkje står på adresselista til høyringa og gjer difor framlegg om å sende saka på høyring til dei for å unngå moglege konflikta med eksisterande eller planlagde energi- og kraftanlegg i lys av at det går ei 24 kV linje gjennom området.

Språkrådet skriv at det er tilrådeleg å nytte namnet *Bugen naturreservat*.



Fylkesmannen vil sende høyringsframlegget på høyring til SFE Nett.

Saksgang vidare

For å følgje opp Stortinget si satsing på frivillig vern i budsjettet for i år, og for at ikkje grunneigarane skal måtte vente unødig på erstatningsutbetalingane, er det sterkt ønskjeleg at Bugen naturreservat kan vedtakast ved kgl.res. i år. Dette føreset ein relativt stram tidsplan, der Fylkesmannen bør sende ut høyringsframlegget raskt etter fristen for å kome med merknader til denne oppstartmeldinga. Frist for å kome med fråsegn til framlegget vert sett til

10. juni 2019

Alle som ønskjer det er velkomne til å kome med innspel til planane om frivillig skogvern for Bugen naturreservat.

Fylkesmannen legg opp til å arrangere synfaring i det omfanget grunneigarane og andre interesserte ønskjer.

Høyringsframlegget, med verneforskrift og avgrensing, er det som grunneigarane og staten har vorte samde om.

Etter at planen har vore på høyring, vil Fylkesmannen vurdere og oppsummere alle innspela og sende si tilråding truleg innan 15. august i år til sentrale styresmakter, som vil legge planen fram til endeleg avgjerd i Regjeringa (Kgl. res.), vonleg innan slutten av 2019. Ei stram tidsramme er naudsynt sidan Miljødirektoratet og Klima- og miljødepartementet vil få eit stort tal saker frå heile landet, og som det vil ta tid å handsame i dei ulike departementa og andre sentrale instansane som skogreservata vedkjem.

Adresselister

Dette brevet er sendt ut til alle grunneigarar og rettshavarar innanfor det aktuelle området, lokale, regionale og nasjonale organ og organisasjoner som kan ha interesse av planarbeidet.

Vi ber om forståing og orsaking for om det skulle vere feil eller manglar ved adresselistene, og ber samstundes om tilbakemelding på manglar eller feil adresse o.l. til Fylkesmannen ved sakshandsamar.

Informasjon

Spørsmål om planarbeidet kan rettast til

- seniorrådgivar Tom Dybwad, tlf. 57 64 31 23, e-post fmsftd@fylkesmannen.no

Skriftlege innspel sendast til

Fylkesmannen i Vestland, Njøsavegen 2, 6863 Leikanger eller på e-post fmvlpst@fylkesmannen.no

Med helsing

Kjell Kvingedal
miljødirektør

Eline Orheim
seksjonsleiar

Dokumentet er elektronisk godkjent



Vedlegg

- Kart over framlegg til Bugen naturreservat
- Framlegg til verneforskrift for Bugen naturreservat

Adresseliste:

Jan Harry Hamrebø (gnr/bnr 54/1), [Straumevegen 1464, 9105 Kvaløya](#),
jan.hamrebo@marineharvest.com

Jacqueline Mannaart (gnr/bnr 54/5), 6723 Svelgen, [mannaart@online.no](#)
Bremanger kommune, postmottak@bremanger.kommune.no

Davik/Ålfoten Bondelag, ma-indre@online.no

Bremanger Skogeigarlag v/ Knut E. Dombestein, knutdombestein@gmail.com

Svelgen Jeger- og Fiskarlag v/ Alf Håøy, alf.haoy@sfe.no

Keipen Turlag, keipenturlag@gmail.com

Sogn og Fjordane fylkeskommune, post@sfj.no

Vest Politidistrikt, post.vest@politiet.no

Høgskulen på Vestlandet v/ avd. for naturforvaltning, Sogn og Fjordane, post@hvl.no

Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane, sognogfjordane@naturvernforbundet.no

Norges Jeger- og Fisker forbund NJFF Sogn og Fjordane, sognogfjordane@njff.no

Norges vassdrags- og energidirektorat, region vest, rv@nve.no

SFE Nett, post@sfe.no

Sogn og Fjordane Bondelag, sogn.fjordane@bondelaget.no

Sogn og Fjordane Bonde- og Småbrukarlag, sognogfjordane@smabrukarlaget.no

Sogn og Fjordane Skogeigarlag, post@sfeskog.no

Sogn og Fjordane Skogselskap, brandsoyplanteskule@gmail.com

Sogn og Fjordane Turlag, sft@dnt.no

Forum for natur og friluftsliv Sogn og Fjordane, sognogfjordane@fnf-nett.no

Sogn og Fjordane avd. NOF v/ Anders Braanaas, anders.braanaas@enivest.net

Visit Sunnfjord, post@sunnfjord.no

Statens vegvesen region vest, firmapost-vest@vegvesen.no

Forsvarsbygg, servicesenter@forsvarsbygg.no

Norges jeger- og fisker forbund, njff@njff.no

Technogarden (nødnett), firmapost@technogarden.no

NOTS, kontakt@nots.no

Stadnamntenesta på Vestlandet, post@sprakradet.no

Statnett, firmapost@statnett.no

Avinor, post@avinor.no

Direktoratet for mineralforvaltning, mail@dirmin.no

Universitetsmuseet i Bergen, post@um.uib.no

Den Norske Turistforening, DNT, info@dnt.no

Det Norske Skogselskap, info@skogselskapet.no

Fortidsminneforeningen, post@fortidsminneforeningen.no

Luftfartstilsynet, postmottak@caa.no

Norges geologiske undersøkelse (NGU), ngu@ngu.no

Norges Naturvernforbund, naturvern@naturvernforbundet.no

Norges Skogeierforbund, post@skogeier.no

Norsk institutt for Naturforskning NINA, firmapost@nina.no

Norsk ornitologisk forening (NOF), nof@birdlife.no

Norsk Skogbruksforening NORSKOG, firmapost@norskog.no



Riksantikvaren, postmottak@ra.no

SABIMA, sabima@sabima.no

Universitetet i Bergen, Geologisk institutt, post@geo.uib.no

Verdens Naturfond (WWF Norge), wwf@wwf.no

Kopi pr. e-post m/vedlegg:


Miljødirektoratet

Vestskog

Klima- og Miljødepartementet



VEDLEGG: Kart over framlegg til Bugen naturreservat (flyfoto vil bli bytta ut med kart)



**VEDLEGG:****Forskrift om vern av Bugen naturreservat, Bremanger kommune, Sogn og Fjordane fylke**

Fastsett ved kongeleg resolusjon xx.xx.2019 med heimel i lov 19. juni 2009 nr. 100 om forvaltning av naturens mangfald (naturmangfaldlova) § 34 jf. § 37 og § 62. Fremja av Klima- og miljødepartementet.

§ 1. (føremål)

Føremålet med naturreservatet er å verne eit av dei få lite påverka skogområda som er att i ytre strøk av Vest-Noreg, med sitt biologiske og geologiske mangfald. Her er gammal og variert furu- og bjørkeskog med førekommstar av fleire krevjande og sjeldne artar og ei markant steinur langs fjellsida gjennom området.

Det er ei målsetjing å ta vare på verneverdiane i mest mogleg urord tilstand, med stadeigne artar og naturtypar og naturleg skogdynamikk, og eventuelt vidareutvikle dei.

§ 2. (geografisk avgrensing)

Naturreservatet vedkjem følgjande gnr./bnr.:

Bremanger kommune: 54/1, 54/5

Naturreservatet dekkjer eit totalareal på ca. 385 dekar. Grensene for naturreservatet går fram av kart datert Klima- og miljødepartementet xx.xx.2019. Dei nøyaktige grensene for naturreservatet skal merkast i marka. Knekkpunkta skal koordinatfestast.

Verneforskrifta med kart vert oppbevart i Bremanger kommune, hos Fylkesmannen i Vestland, i Miljødirektoratet og i Klima- og miljødepartementet.

§ 3. (verneregler)

I naturreservatet må ingen gjere noko som skadar verneverdiane som går fram av føremålet med vernet.

I naturreservatet gjeld følgjande vernereglar:

- a) Vegetasjonen, medrekna daude buskar og tre, er verna mot skade og øydelegging. Det er forbode å fjerne planter og sopp inkludert lav eller deler av disse frå naturreservatet. Planting eller sång av tre og annan vegetasjon er forbode.
- b) Dyrelivet, medrekna reirplassar og hiområde, er verna mot skade, øydelegging og unødig forstyrring. Utsetting av dyr er forbode.
- c) Det må ikkje settast i gong tiltak som kan endre naturmiljøet, som f.eks. oppføring av bygningar, anlegg, gjerder, andre varige eller mellombelse innretningar, parkering av campingvogner, brakker e.l., opplag av båtar, framføring av luftleidningar, jordkablar, kloakkledningar, bygging av veger, drenering eller anna form for tørrlegging, uttak, oppfylling eller lagring av masse, utføring av kloakk eller anna konsentrert ureining, etterlating av avfall, gjødsling, kalking eller bruk av kjemiske plantevern- eller skadedyrmiddel. Forsøpling er forbode. Opplistinga av tiltak er ikkje uttømande.
- d) Bruk av naturreservatet til større arrangement er forbode.
- e) Bålbrann er forbode.

§ 4. (generelle unntak fra vernereglane)

Vernereglane i § 3 andre ledd er ikkje til hinder for:

- a) Beiting
- b) Sanking av bær og matsopp.
- c) Jakt og fangst i samsvar med gjeldande lovverk.
- d) Oppsetting av mellombelse, mobile jakttårn for storviltjakt.
- e) Rydding av skotfelt ved jaktpostar slik at feltet er fritt for vegetasjon etter retningslinjer i forvaltningsplan
- f) Felling av store rovdyr i samsvar med gjeldande lovverk.
- g) Utpllassering av saltstein for husdyr og storvilt.



- h) Vedlikehald av eksisterande bygningar, gapahukar, jakttårn, stiar, bruer og andre anlegg og innretningar, i samsvar med tilstand på vernetidspunktet.
- i) Merking og rydding av eksisterande stiar vist på vernekartet etter retningslinjer i forvaltningsplan.
- j) Rydding av stiar for ferdsel og sinking av beitedyr etter retningslinjer i forvaltningsplan slik at dei kan haldast opne etter vindfall og liknande.
- k) Drift og vedlikehald, samt naudsynt istandsetting ved akutt utfall, på eksisterande energi- og kraftanlegg.
- l) Oppgradering eller fornying av kraftleidningar for heving av spenningsnivå og auke av linjetverrsnitt når tiltaket ikkje skadar verneverdiane angitt i verneformålet nemneverdig.
- m) Ringbarking og felling av gran i medhald av forvaltningsplan

§ 5. (regulering av ferdsel)

All ferdsel skal skje varsamt og ta omsyn til vegetasjon, dyreliv og kulturminne.

I naturreservatet gjeld følgjande reglar om ferdsel:

- a) Motorferdsel på land og i vatn er forbode, medrekna landing og start med luftfartøy.
- b) Utanom eksisterande vegar og stiar vist på vernekartet, er bruk av sykkel, hest og kjerre, og riding forbode.

§ 6. (generelle unntak fra ferdelsreglane)

Ferdelsreglane i § 5 er ikkje til hinder for gjennomføring av militær operativ verksemd og tiltak i samband med ambulanse-, politi-, brannvern-, rednings- og oppsynsaugemed, og gjennomføring av skjøtsels- og forvaltningsoppgåver som er bestemt av forvaltningsstyresmakta. Unntaket gjelder ikkje øvingsverksemd.

Ferdelsreglane i § 5 andre ledd er ikkje til hinder for:

- a) Naudsynt motorferdsel i samband med uttransport av sjuke og skadde bufe. Køyretøy som vert nytta skal være skånsamt mot markoverflata. Det skal gjevast melding til ansvarleg oppsyn for verneområdet i forkant av køyring.
- b) Naudsynt uttransport av felt elg, hjort og bjørn med lett beltekøyretøy som ikkje set varige spor i terrenget, og med traktor eller lett terrengkøyretøy på eksisterande traktorvegar vist på vernekartet.
- c) Landing og start med Forsvaret sine luftfartøy.

§ 7. (spesifiserte dispensasjonsreglar)

Forvaltningsstyresmakta kan etter søknad gi dispensasjon til:

- a) Tiltak i samband med forvaltning av vilt og fisk.
- b) Istandsetjing av bygningar, steinmurar, bruer og andre kulturminne etter samråd med kulturminnestyresmakten
- c) Bygging av nye klopper til erstatning for gamle
- d) Oppsetting av nye fleirårige gapahukar og jakttårn dersom viltet (hjortedyr) endrar trekk.
- e) Naudsynt motorisert transport av ved, material og utstyr til hytter innanfor verneområdet.
- f) Naudsynt motorferdsel for å fjerne gran felt i samsvar med § 7j .
- g) Gjenoppføring av bygningar, anlegg eller innretningar som er gått tapt ved brann eller naturskade, og naudsynt motorferdsel for dette.
- h) Merking og rydding av nye stiar og oppsetting av turpostar.
- i) Tilretteleggingstiltak på eksisterande stiar.
- j) Ringbarking og felling av gran etter retningslinjer i forvaltningsplan
- k) Bruk av naturreservatet i miljøtilpassa reiselivsverksemd etter plan godkjend av forvaltningsstyresmakta
- l) Oppgradering av kraftlinjer som ikkje er omfatta av § 4.
- m) Naudsynt motorferdsel i samband med drift, vedlikehald, oppgradering eller fornying av kraftleidningar.
- n) Naudsynt motorferdsel i samband med aktivitetar nemnd i § 4 g, h, k, l, og m, og § 7 a, b, c, i og j.

**§ 8. (generelle dispensasjonsreglar)**

Forvalningsstyresmakta kan gjere unntak frå forskrifta dersom det ikkje strir mot føremålet med verneverd taket og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig, eller dersom omsyn til tryggleik eller omsynet til vesentlege samfunnsinteresser gjer det naudsynt, jf. naturmangfaldlova § 48.

§ 9. (skjøtsel)

Forvalningsstyresmakta, eller den forvalningsstyresmakta bestemmer, kan setje i verk tiltak for å oppretthalde eller oppnå den natur- eller kulturtilstanden som er føremålet med vernet, jf. naturmangfaldlova § 47.

§ 10. (forvaltningsplan)

Det kan utarbeidast forvaltningsplan med nærmere retningslinjer for forvaltning av naturreservatet. Forvaltningsplanen kan innehalde nærmere retningslinjer for gjennomføring av skjøtsel.

§ 11. (forvaltningsstyremakt)

Miljødirektoratet fastset kven som skal vere forvaltningsstyremakt etter denne forskrifta.

§ 12. (ikrafttreding)

Denne forskrifta trer i kraft straks.